



Landbruks og matdepartementet

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 23/54390 - 23/20793	Vår saksbehandlar: Kirsti Hjelme Connor -	Dato: 14.11.2023
----------------	-----------------	---------------------------------	--	---------------------

Innspel berekraftige matsystem

Hovudmålsetjinga i fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026 er «Eit verdiskapande og mangfaldig landbruk i heile Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar». Innspela til berekraftige matsystem er i hovudsak henta frå vår fylkesstrategi for landbruk og Møre og Romsdal sin fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023-2026.

Noreg er eit land der ein kan dyrke mat på ein veldig liten prosent av landarealet, desto viktigare er det derfor å spele på dei naturgitte ressursane i kvar kommune og kvart fylke. Ei einsidig satsing på større bruk vil for fylker som Møre og Romsdal gje ei sentralisering av jordbruksproduksjonen. Store delar av fylket har ikkje nok areal som eignar seg til intensiv stordrift. Dette vil føre til at store delar av areal med dyrkjord og beite vil gå ut av drift. Om ein skal oppretthalde og auke matproduksjonen i Norge, så må det leggast til rette for at investeringar og lønsam drift vert mogleg på bruk som er tilpassa sitt lokale ressursgrunnlag i form av dyrkjord og beite.

Klima og miljøvenleg matproduksjon

- Ein bør arbeide for å auke forbruket av lokalmat, mellom anna ved å ta i bruk nye salskanalar. Det er behov for ei samordning av produsentar, og at det vert lagt til rette for større institusjonar å kjøpe råvarer direkte frå bonde. Kunnskapsheving om sal, marknad og offentleg anskaffelsar hos seljar og kjøpar er nødvendig.
- Auke produksjon og forbruk av økologisk mat.
- Arbeide for meir privat, småskala matproduksjon og auke kunnskap om eigenproduksjon av mat, også som ledd i auka matberedskap.
- Betre utnytting av husdyrgjødsel, auka drenering, mindre transport og endra fôrsamansetning.
- Ta i bruk ledig og eigna areal for å auke produksjonen av korn, frukt og grønt.
 - Styrke rådgjevinga på planteproduksjonane
 - kartlegge eigna lokalitetar for produksjon
 - stimulere til utvikling av lokalt mottaksapparat og nye salskanalar (i dag er det vanskeleg for nye små og mellomstore produsentar å kome inn på marknaden)

Berekraftig fôr

- Auke produksjon av lokalt fôr, ein bør kartlegge potensiale for dyrking av meir fôrkorn og andre fôrråvarer som kan inngå eller erstatte kraftfôr.
- Ta vare på og bruke beiteressursane.
- Fremme tiltak som kan betre kvaliteten på grovfôret, fremme god agronomi og arbeide for å få ny kunnskap ut til bøndene.
- Forsking på nye proteinkjelder.
- Blå-grønt samarbeid.
- Arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging, og som sikrar at dyrkajorda vert vedlikehalden gjennom aktiv bruk. Arbeide for arealnøytralitet i arealplanar. Og vurdere fortetting av allereie nedbygd areal før omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord.
- Styrke kommunal landbruksforvaltning sitt arbeid med langsiktige avtalar for leigejord og handheving av driveplikta.

Konkurransekraftig verdiskaping i verdikjeda for mat i heile landet

- Styrke importvernet så det lønne seg å drive innlandsproduksjon.
- Legge til rette for landbruk over heile landet, det vil seie sikre lønsemeld for også små og mellomstore produksjonar.
- Innkjøp av lokale råvarer må vere rasjonelt for innkjøpar og for gardbrukar om ein skal få ei auke av bruken av lokalmat.
- Det er viktig at vi i Noreg produsera det vi har forutsetningar for å produsere i matforsyning og beredskapsperspektiv. Vi har ulikt ressursgrunnlag rundt om i Noreg, det bør leggast til rette for å styrke dei produksjonane som kvart fylke er god på. Og vi bør legge til rette for at det vi produsera av mat vert omsett i Noreg.

Sunt og berekraftig kosthald

- Lokalprodusert mat basert på lokalprodusert fôr. Kortreist mat vil vere med på å redusere utslepp av klimagassar.
- Arbeide for å redusere matsvinn
- Offentlege verksemder bør gå føre som gode dømer. Når det offentlege etterspør meir lokalprodusert mat kjem det også andre forbrukarar til gode. Ved små grep som til dømes å få offentlege institusjonar til å bestille produksjon av potet og grønsaker med lokale bønder, kan ein få meir miljøvenleg, berekraftig og smakfulle måltid.

Noreg sitt bidrag til eit berekraftig matsystem globalt

- Vi kan bidra med er å vere mest mogleg sjølvforsynt med mat for å vere mindre avhengig av import.
- Noreg har ein unik posisjon når det gjeld tilgang på ressursane i havet. Ei god og berekraftig forvaltning av fiskeri, akvakultur og akvatisk mat er eit viktig bidrag for å oppnå matsikkerheit og god ernæring i tillegg til maten vi kan produsere på land.

Med helsing

Eivind Vartdal Ryste
seksjonsleiar

Kirsti Hjelme Connor
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur